



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
66/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	13.06.2016
57/2016	Kommunestyret	PS	27.06.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FE - 613	16/683

### OMBYGGING AV GBNR 14/220 PRESTEBUSTAD VAKSDAL TIL INSTITUSJON FOR EINSLIGE MINDREÅRIGE ASYLSØKARAR

#### Vedlegg:

prestebustadvaksdal-1  
prestebustadvaksdal-2  
Vaksdalsgarden10  
prestebolig

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd midlar til ombygging av gbnr 14/220, Prestebustad Vaksdal, til institusjon for einslige mindreårige asylsøkjarar. Framlegg til løyving er tatt inn i budsjettjustering i Tertial 1-2016

Ombygginga skal vere ferdig slik at institusjonen skal vere klar til bruk frå 1. november 2016.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 66/2016

#### FPØ - Behandling:

Rådmannen kom med ei saksopplysning: Det skal ikkje stå asylsøkjarar, men flyktningar.

#### Tilleggsframlegg frå Eirik Hara:

*Rådmannen undersøker om det er mogleg å husbankfinansiere ombygginga.*

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Eirik Haga samråystes vedteke.

#### FPØ - Tiltråding:

Det vert løyvd midlar til ombygging av gbnr 14/220, Prestebustad Vaksdal, til institusjon for einslige mindreårige flyktningar. Framlegg til løyving er tatt inn i budsjettjustering i Tertial 1-2016

Ombygginga skal vere ferdig slik at institusjonen skal vere klar til bruk frå 1. november 2016.

Rådmannen undersøker om det er mogleg å husbankfinansiere ombygginga.

## Kommunestyret - Sak 57/2016

### **KOM - Behandling:**

Endringsframlegg frå Boris Groth, FRP:

*Det vert ......., til etableringsbustader for ungdom.*

*2. ledd utgår*

*3. ledd som formannskapet si tilråding*

### Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Boris Groth vart sett opp mot kvarandre: 1 røysta for Boris Groth sitt framlegg (FRP) som dermed fall.

### **KOM - Vedtak:**

Det vert løyvd midlar til ombygging av gbnr 14/220, Prestebustad Vaksdal, til institusjon for einslige mindreårige flyktningar. Framlegg til løyving er tatt inn i budsjettjustering i Tertial 1-2016

Ombygginga skal vere ferdig slik at institusjonen skal vere klar til bruk frå 1. november 2016.

Rådmannen undersøker om det er mogleg å husbankfinansiere ombygginga.

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Buplikta for prestar vart oppheva frå 1. september 2015. Presten på Vaksdal har sagt opp leidgetilhøve i prestebustaden i Vaksdalsgarden 10 med verknad frå 1. august 2016.

#### **Vurdering**

Etter synfaring i bustaden er det klart at etterslep på vedlikehaldssida er stort. Bustaden er frå 1971 og bærer preg av dette. Dei fleste vindauge er punkterte, bad i første etasje må rehabiliterast alle flater må malast/tapeterast og belegg skiftast. Ein må oppgradere det elektrisk anlegget og etablere bad i sokkeletasjer. For detaljar vert det vist til vedlagte rapport.

Bustaden 1 etasje innehold i dag 4 soverom, i sokkeletasjonen kan ein etablere 2-3 soverom og bad.

På førespurnad frå staten er Vaksdal kommune i gong med å få på plass ein organisasjon for å ta i mot 5 einslige mindreårige asylsøkarar. Prestebustaden på Vaksdal har eit areal på kring 250 m<sup>2</sup> over to plan, og er godt eigna til ein slik institusjon. Egedomen er stor og ligg sentralt i Vaksdalsbygda i eit etablert bustadområde.

Ved ombygging ser ein ser då for seg at dei bebuarane bur i 1 etasje, medan dei tilsette får soverom i sokkeletasjonen.

Ombygginga vert utført slik at bustaden lett kan seksjonerast til 2 leiligheter når institusjonen er avvikla.

#### **Vurdering**

Rådmannen foreslår at huset vert pussa opp og bygd om til institusjon for einslige mindreårige med ferdigstilling innan 1. november 2016. Dette vert foreslått finansiert ved å omdisponere løyvingar til

investeringar skulebygg i 2016 og er tatt inn i framlegg til budsjettjustering i samband med Tertiærrapport 1-2016.